

TYSNES SKULE

Inspeksjon miljøretta helsevern (MHV) 24.10.2013

Rapport ved kommuneoverlege Magne Skartveit.

Til stades ved synfaring var:

Rektor Are Lygre, verneombod ved skulen Eva Kalgraf, hovudverneombod Yngve Nikolaisen og kommuneoverlege Magne Skartveit.

Alle skular skal godkjennast etter forskrifter for miljøretta helsevern. Det vart gjort godkjenning i 2007 med merknader. Ein del av desse merknadene er utbetra. Bl.a. er ein del av toaletta utbetra. Det er gjort utbetring av sørvegg i svømmehall. Veggane er i stor grad malte i lyse fargar og på den måten framstår lokalitetane meir tiltalande. Skulekjøkken er utbetra. Men gjennomgang av bygget viser mange manglande forhold ved inneklima, romstorleik og dett er stor manko på tidsmessig utforming av undervisningslokalteter og arbeidsforhold for tilsette.

Gymnastikkssalen vart ikkje godkjent til sitt opprinnelege formål i 2007, og lite er gjort for å forbetra den seinare. Innadørs kroppsøving føregår i dag i svømmehallen eller i Tysneshallen.

Gymnastikkssalen kan fortsatt ikkje brukast til kroppsøving, og den er lite eigna til alternativ bruk. Løftebommar og klatretau bør uansett fjernast fordi dei ikkje er kontrollerte og kommunen vil stilla veldig svakt dersom dei skulle bli tatt i bruk planlagt eller uplanlagt.

Tysnes BHT leverte november 2012 «Rapport om fysisk arbeidsmiljø ved Tysnes Skule». Denne vart send til rådmann, rektor, oppvekstsjef, loaklt verneombod, hovedvernombod og miljøretta helsevern ved undertekna. Denne rapportane viser gjennom måling av inneklima og ved tallrike illisutrasjonar at bygget er nedslitt og det påverkar inneklima. I store deler av barneskulen er det fuktskader, særleg gjeld dette sanitæravdeling knytta til gym/basseng. Skal ein gjera noko me dette, må det fjernast fuktige masser langs heile nordsida av barneskulebygget. Men også på sørsida er det fukt og råteskader i treverk og fuktskader på mur. Uansett vil dette bli ein ganske stor kostand, og ein vil likevel stå igjen (etter utbetring) med ein lite tidsmessig bygning.

Fleire av klasserom er maksimalt utnytta – og vel så det – i forhold til elevtal og romstorleik. Fleire rom manglar heilt lufting, og dette kjem i tillegg til inneklima som er påverka av muggnedslag på vegg, tak og golv.

Kontorlokaler til lærarane er trange, til dels er det støy (frå datasentral), og arbeidstilsynet vil ganske klart krevja utbetringar.

Generelt er det bygningane lite tidsmessig, særleg gjeld dette barneskulen. Barneskulen har passert 50 år, og den er lite tilpassa eit fleksibelt læremiljø i forhold til dei krav som blir sette til trivsel og undervisning i dag. Desse forhold må takast med i betraktning når ein vurderer dei aktuelle planar om nybygg kontra rehabilitering. Skulen må også ha ein bygningsmasse som kan tilpassast eit mulig auka elevtal innan få år. Bygging av E39 via Tysnes og bru over Langenuen vil truleg medføra tilflytting av barnefamiljar til kommunen, og då må kommune ha eit attraktivt skulesystem, både når det gjeld kvalitet og kapasitet. .

Uggdal 241013/

Miljøretta Helsevern

Magne Skartveit